



Arkivnr: 2014/557-59

Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.09.2014
Fylkestinget		14.10.2014

**Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune**

**Samandrag**

Fylkeseldrerådet har ikkje eit formelt vedteke reglement, og fylkesrådmannen legg no fram forslag til reglement. Det er ynskjeleg at reglementet blir integrert i Delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune.

**Forslag til innstilling:**

1. Fylkestinget vedtek «Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune»
2. «Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune» blir integrert i Delegasjonsreglementet

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Endeleg uttale til nytt mandat for Fylkeseldrerådet i Hordaland

### **Fylkesrådmannen, 08.09.2014**

Eldrerådet er eit lovpålagt organ gjennom Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, vedteke av Stortinget i november 1991.

Fylkeseldrerådet er eit fylkeskommunalt organ oppnemnd av fylkestinget. Funksjonstida for rådet er fire år og følgjer fylkestingsperioden. Rådet får seg førelagt alle saksdokument til utval og fylkesting.

Fylkeseldrerådet har som oppgåve å:

- vere eit samarbeids- og rådgjevande organ i fylkeskommunale saker

Fylkeseldrerådet i Hordaland har sju representantar med personlege vararepresentantar.

To representantar er politisk valde mellom medlemene i fylkestinget, og fem representantar er valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar.

Forslag til reglement er lagt fram for fylkeseldrerådet, og vedlagt ligg deira uttale.

Fylkeseldrerådet ynskjer følgande tillegg til punkt 2 til det framlagte reglementet:

1. Rådet kan ta opp saker som gjeld eldre i fylket
2. Rådet kan samarbeide og ha kontakt med kommunale eldreråd og Statens seniorråd
3. Rådet kan samarbeide med andre organisasjoner

Fylkeseldrerådet skal vere eit samarbeids- og rådgjevande organ i fylkeskommunale saker.

Fylkeskommunen sine ansvarsområde i saker knytt til eldre er tatt inn i forslag til reglement punkt 2, og det er i der påpeika at fylkeseldrerådet skal arbeide med saker knytt til fylkeskommunal verksemrd. Punkt 1 i uttalen frå fylkeseldrerådet er etter fylkesrådmannens mening for lite avgrensa, og det blir ikkje anbefalt å ta dette punktet inn i reglementet.

Punkt 2 og 3 relaterer seg til arbeidsmetode, og er ikkje knytt opp mot punkta i reglementet. Dette er ikkje noko som er naudsynt å ha med i eit reglement.

Under punkt 4 i det forslag til reglement for fylkeseldrerådet ynskjer fylkeseldrerådet å føye til «Fylkesrådmannen syter for høveleg sekretariat for rådet». Dette er heimla i Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd (§8), og er derfor ikkje naudsynt å ha med i eit reglement som omhandlar fylkeseldrerådet sine oppgåver gitt av fylkestinget.

Fylkeseldrerådet ynskjer eit nytt punkt 5:

#### **«5. Økonomi**

Fylkeseldrerådet fylgjer dei generelle retningsliner når det gjeld økonomi, som godtgjersle og reise- og opphaltsutgifter.»

Medlemmene i fylkeseldrerådet er oppnemnt av fylkestinget, og får dermed si godtgjersle regulert i «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune». Dette går fram av reglementet punkt 2 «Kven reglementet gjeld for». Der står det: «Reglementet gjeld for fylkestinget sine representantar. I tillegg gjeld det for:

- Medlemmar av andre fylkeskommunale organ oppnemnt av fylkestinget, fylkesutvalet eller utvala.  
...»

Punkt 5 vil då ikke vere naudsynt å ha med i eit reglement som omhandlar fylkeseldrerådet sine oppgåver, då det er regulert i «Reglement for godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune».

Forslag til reglement for fylkeseldrerådet:

## **REGLEMENT FOR FYLKESELDRERÅDET**

*Fylkeseldrerådet skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkutforming for eldre i Hordaland.*

### **1. Samansetjing**

Rådet har sju medlemer oppnemnde av fylkestinget.

*Eit medlem med varamedlem vert vald mellom medlemene i samferdselsutvalet og eit medlem med varamedlem mellom medlemene i opplæring- og helseutvalet.*

*Fem medlemer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar.*

*Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.*

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

### **2. Oppgåver**

#### **a. Fylkeseldrerådet kan innan sitt arbeidsområde:**

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for eldre
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for eldre knytt til fylkeskommunal verksemd

*Fylkeseldrerådet kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.*

*Fylkeseldrerådet skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.*

*Årsmelding frå Fylkeseldrerådet vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli.*

#### **b. Saker der Fylkeseldrerådet har avgjerdsmynde:**

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Fylkeseldrerådet.

#### **c. Saker der Fylkeseldrerådet gjev tilråding:**

- Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for eldre.

#### **d. Fråsegner**

*- Fylkeseldrerådet kan på vegner av rådet gje sjølvstendige fråsegner innan sitt arbeidsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.*

### **3. Arbeidsform**

*Fylkeseldrerådet har oppnemnd eit arbeidsutval som består av leiar og nestleiar. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvar i året.*

### **4. Sakshandsaming**

*For Fylkeseldrerådet gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.*